

VEDTEKTER FOR HARDANGERKORET

stifta 29.april 2008

.....

Målsetjing: Hardangerkoret skal vere eit prosjektkor for songarar og dirigentar frå kor i Hardangerregionen. Hardangerkoret skal seinast ha si første samling våren 2010. Koret vil spreie songglede og ivareta songtradisjon, inspirere til vidare arbeid lokalt og til samarbeid regionalt. Koret vil profilere Hardanger med konsertar både i og utanfor regionen.

Øvingar: Koret har inntil 2 prosjektsamlingar per semester. Samlingane alternerer i Hardangerregionen.
Det vert ført frammøteprotokoll. Fråvær skal meldast til leiar.

Repertoar: Alle kormedlemmene kan fremja forslag til repertoar.
Korrepertoaret vert fastsett av musikkutvalet.
Musikkutvalet har 3 medlemmer: kormedlem, korleiar og dirigent.
Representanten frå koret vert valt på årsmøtet for 1 år .

Notar: Kornotar medlemmene ikkje har kjøpt, skal leverast inn etter bruk

Dirigent: Hovudinstruktøren for prosjektkoret vert henta eksternt.

Dirigent/korturar: På turar der koret treng dirigent, betaler koret utgiftene for dirigenten. På andre turar/utflukter der det ikkje er naudsynt med dirigent, stiller dirigenten på likefot med kormedlemmene, betaler turen sjølv, eller koret betaler turen for alle.

*Kontingent: Korkontingenten for komande år, skal betalast i februar-mars.
Årsmøtet vedtek årskontingenten.*

Kormidlane: Kormidlane skal disponerast av styret til koret sitt beste.

Dersom koret vert oppløyst, skal disponible midlar overførast til ein sperra konto og berre nyttast til etablering og drift av nytt regionskor. Etter 10 år kan midlane også fordelast på medlemskora.

Revisor: Årsmøtet vel revisor for 1 år.

Korstyre: Val av styre skjer på koret sitt årsmøte, 1.samlinga i vårsemesteret.
Styret har 5 valde medlemmer (Leiar, nestleiar, kasserar, skrivar og styremedlem), og 2 varamedlemmer..

Halvparten av styret vert vald kvart år.

Styremedlemmene vert valde for 2 år, varamedlemmene for 1 år.

Styret konstituerer seg sjølv.

Styret har møte etter behov.Referatboka er tilgjengeleg for alle kormedlemmene.